

# Tre år å vente på pianotim

**KULTUR:** Jannike Kathrin Solheim (10) har venta på å få pianotimar i halvanna år. Ho kan komme til å måtte vente i eitt eller to år til.

KATRINE SELE tekst og foto

– Det er dumt om eg må vente, for eg har gledd meg så lenge til å starte. Men det er jo bra at så mange er interesserte i musikk, for då blir det mange konsertar her, seier Jannike Kathrin.

Den ti år gamle jenta frå Dale er langt ifrå åleine i denne situasjonen. I Fjaler og Hyllestad, som har felles kulturskule, står 109 på venteliste. Nokre av desse er dobbeltsøkarar til fleire tilbod, men talet er likevel altfor hogt, meiner kulturskulerektor Ole Jakob Nedrebo.

## Budsjett på staden kvil

– Det er fantastisk at så mange barn og unge gjerne vil drive med musikk. Men no må kommunane komme dei i møte, seier Nedrebo.

– Vi har blitt gode på å halde på dei eldste elevane, men ventelista går utover dei yngste. Nokre må vente i to eller tre år for dei får plass. Då risikerer vi at dei misser gløden for dei får eit tilbod.

I økonomiplanen til Fjaler kommune, som blir handsama seinare denne veka, ligg kulturskulen på same nivå som i fjor. I årevis har korkje Fjaler eller Hyllestad kompensert for løns- og prisveksten. Budsjettet har stått på staden kvil, noko som betyr ein reell nedgang for Kulturskulen.

Frå 2005 til no har dette ført til at staben har gått ned frå 7,3 til 5,5 årsverk. Elevtalet har lege stabilt på om lag 250 dei siste åra, men ventelistene aukar.

– Det er særleg innan musikk vi slit med å tilby nok plassar. Dans og kunstfag er meir fleksible, her kan ein justere gruppen, seier Nedrebo.

## Kulturskuleløftet?

Nedrebo meiner likevel at Fjaler

■ Jannike Kathrin står i kø med hundrevis ■ Unge strøymer t

kommune har vore flinke til å prioritere kulturskulen, samanlikna med mange andre kommunar i landet. Fjaler bruker ein prosent av det samla kommunebudsjettet på kulturskulen, medan andre kommunar i fylket ligg på rundt 0,8 prosent.

Meir kritisk er rektoren til regjeringa si rolle. I Soria Moria 2 vart det lova eit kulturskuleløft. Stoltenberg og ministrene spelte triangel og blokkfløyte under pressekonferansen, og løyvde sidan 40 millionar kroner:

– Det er snakk om ein halv idrettshall, fordelt over heile landet, som Per Inge Torkelsen sa det!

I dag har Hyllestad og Fjaler Kulturskule tilbod til innbyggjarar heilt frå tremånaders-alderen («Musikk i livets byrjing») og oppover. Eldstemann i korpset er 85 år gammal.

– Vi jobbar tett med barnehage, grunnskule og vidaregåande. Norsk grunnskule har kutta sterkt i kunstfaga, og det gjer Kulturskulens rolle dess viktigare, meiner Nedrebo.

## – Musikk er ein del av meg

I dag er kunstfaga ikkje lenger ein del av lærarutdanninga. Samstundes viser resultatane av PISA-prøvene at land som satsar på kunstfag i skulen, får elevar som er dyktigare i alle fag.

Tonje Einen (18) har vore elev på Kulturskulen sidan ho var lita. Ho har spelt gitar, først åleine, og sidan i band. Dei siste åra har ho også teke songtimar.

– Eg kan ikkje sjå føre meg eit liv utan musikk, seier ho.

Einen har ikkje ambisjonar om å bli profesjonell musikal, men ho vil alltid spele og syngje.

– Musikk er ein del av kven eg er som person. Sosialt har det betydning enormt mykje. Forholdet til bestevenninna mi har blitt langt sterkare fordi vi deler musikken med kvarandre, og eg har hatt så mange gode opplevingar med å spele for andre.

katrine.sele@firda.no



PÅ VENTELISTA: Jannike Kathrin Solheim (10) er svært ivrig etter å lære å spele piano. – Vi har vore i Førde og kjøpt pianobok. Og skulen», fortel ho. Tonje Einen (18), langvarig kulturskuleelev, og kulturskulerektor Ole Jakob Nedrebo, synest det er trist at dei

## Jølster: 10–20 på vent

Jølster sin kulturskule har plass til mellom 110 og 120 elevar. Dei har også ei venteliste på mellom 10 og 20 elevar.

Denne veka får kulturskulerektor Anja Gulbrandsen i Jølster kommune inn søknadene.

– Vi er heldigstilte fordi kulturskulen kan i ei viss grad legge

opp undervisninga etter kva søknader som kjem inn, seier ho.

Ho har ikkje har oversikt over tal søknader til skuleåret 2010/2011, men i år har mellom 10 og 20 elevar stått på venteliste ved kulturskulen.

Opplæring på instrument som piano og gitar er populære i Jølster, og har til no ikkje hatt venteliste, ifølgje Gulbrandsen.

## Førde: 200 på venteliste

– Dei siste åra har vi hatt 200 søkjarar på venteliste. Det ser ikkje ut til å endre seg frå hausten av.

Det seier rektor Johan Bengtsson ved Førde kulturskule.

Dei mest populære opplæringane er gitar, piano og slagverk. Men i år ser det ut som om skulen også får venteliste på visuell kunst, ifølgje rektoren.

– Vil innbyggjarar frå andre kommunar stille likt i køen i Førde?

– Det er Førdes innbyggjarar som vert prioriterte først. Har vi ledige plassar på nokre av opplæringane, kan vi ta inn elevar frå andre kommunar, seier Bengtsson.

Han seier at sjølv om elevar

betalar for å gå på skulen, dekkjer ikkje dette den faktiske kostnaden. Derfor er det ikkje berre å leige inn fleire lærarar.

– Eg håpar at Staten går tilbake til ordninga med øyremerkte midlar per elevplass. Slik kunne det bli enklare å utvide, seier Bengtsson.

I fjor tok skulen inn 440 elevar. Då vart knappe 200 ståande på venteliste.

– Det vert eit politisk spørsmål. Etterspurnaden er større enn vi klarer å tilby, seier Bengtsson.

Førde kulturskule har 11,5 årsverk og ei brutto-budsjettamme på seks millionar kroner.

– Det er fleire år sidan vi har fått auge, seier Johan Bengtsson ved Førde kulturskule.

## Gloppen: Over

Dette skuleåret har 130 stått på venteliste for å komme inn på kulturskulen i Gloppen. Rektor Ann Karin Ose trur talet blir høgare frå hausten av.

– Det vi ser er at vi har få utmeldingar og mange som vil byrje på kulturskulen, seier kulturskulerektoren.

Søknadsfristen i Gloppen gjekk ut 1. juni, og Ose har enno ikkje oversikt over korleis stoda blir skuleåret 2010/2011.

– Skuleåret 2009/2010 har vi 130 på venteliste. Desse rykkjer fram i køen. Mykje tyder på at tal born på venteliste blir høgare frå hausten av, seier Ose.

Kulturskuleaktivitetar Glop-

www.tysse.no

**TYSSE**  
Ifrøer av norsk kvalitet

Norges mest solgte  
Bilmerke 3. år på rad. Kjøp bil.

KVALITET PÅ  
**Biltreff AS**  
Hafslundveien 78 | 6802 Førde  
Tlf: 57 72 56 60 | post@biltreff.no

**Lavik Autosenter AS**  
6847 Lavik  
Tlf: 57 70 75 00 | post@lavikautosenter.no

# mar

## il kulturskulane



så kan eg spele ein song: «Lisa gjekk til yngste må vente så lenge på plass.

## 130 på vent

pen opplever størst trøkk på, er song, gitar og slagverk. Skulen har i dag 400 elevlar.

Ose seier Gloppen har kring 10 årsverk knytt til kulturskolen. Sparekniven har ikkje råka kulturskolen den siste tida.

– Vi tok store kutt i 2003. Etter den tid har det gått litt opp og ned med budsjettet, men vi held oss noko lunde stabilt med våre 10 årsverk, opplyser ho.

Kulturskulerektoren kunne gjerne tenkje seg at Gloppen brukte endå meir pengar på kulturskolen etter-som ventelista er så lang.

– Det hadde ikkje vore meg i mot, seier Ann Karin Ose.

## Høyanger: Håp for alle

I Høyanger pleier alle søkjarane å komme med. Men til hausten er kulturskulerektor Beate Kjølstad usikker på om det vert venteliste.

– Eg har ikkje oversikt over søkjarane til skuleåret 2010/2011 enno ettersom søknadsfristen gjekk ut 1. juni. Men vi klarer som regel å finne plass til alle elevane, seier Kjølstad.

Ho utelukkar ikkje at nokon likevel kan bli sett på vent frå hausten av.

I Høyanger er alle i målgruppa, men born og unge vert prioriterte. Skulen har, ifølgje kommunen, kring 135 elevlar og tre faste lærarar i tillegg til timelærarar. Skulen har tilbod innan ulike instrument, musikkterapi og moderne dans.

For to år sidan vurderte kommunepolitikarane i Høyanger å leggje ned den over 30 år gamle kulturskolen, men måtte gi seg etter massive protestar frå musikk- og kulturmiljøet i kommunen.

## Gaular: Kjøper tenester

Gaular kommune gir kulturskuletilbod til 17 elevlar dette året. Seks born ventar på plass.

Kommunen tilbyr opplæring innan måling og teikning, slagverk, gitar og piano.

– Vi tek i mot søknader heile året. Akkurat no står seks born på venteliste til kulturskolen, fortel konsulent Marit Birgitte Refvik i

Gaular kommune. No skal kommunen kontakte dei 17 elevane ved kulturskolen for å høyre kven som ønskjer å halde fram også i kommande skuleår. Først då ser dei for mange ledige plassar dei vil ha.

Gaular har eit kulturskulebudsjett på ca 145 000 kroner fordelt på tre lærarar i deltidsstillingar. Dei kjøper også kulturskuletjenester frå nabokommunen Førde.

## Flora: Lang gitarkø

Gitar er eit populært instrument i Flora kommune. Kulturskule-leiar Arne Sunnarvik trur det vil stå 60 søkjarar på vent til hausten.

Alt i alt, men dei søkjarane som har venta skuleåret 2009/2010, har Flora kommune kring 196 søkjarar som vil starte med ulike kulturaktivitetar til hausten.

– Gitar, både elgitar og bass, er svært populært. Dessverre står det for mange på venteliste her, seier Sunnarvik.

Han opplyser at 71 born og unge vil lære å spele gitar, men ettersom kommunen berre har 68 elevplassar, skal det noko til at alle desse skal få plass.

– Vi klarer kanskje å ta inn 10 nye. Eg har ikkje full oversikt over dei som går ut av gitaropplæringa enno, seier Sunnarvik.

Søknadsfristen i Flora gjekk ut 7. mai. Kulturskule-leiaren synest likevel at litt venteliste er sunt.

– Det skal vere litt stas å få komme inn på kulturskolen, seier han.

Mens interessa stort sett fordeler seg jamt på dei andre instrumenta Flora tilbyr opplæring innan, er piano noko rektoren kunne ønskje var endå meir populært.

– På piano har vi lite søkjarar. Vi har ikkje venteliste på alt. Kulturskolen samlar sett har kring 670 elevplassar, seier han.

I skuleåret 2009/2010 måtte kring 100 elevlar finne seg i å stå i kø for å komme inn på det dei ønskjer. Flora kommune har i overkant av 12 årsverk knytt til kulturskolen. Ifølgje Sunnarvik har ressursbruket auka opp gjennom åra.

– Som kjent er Flora kommune i ein vanskeleg situasjon økonomisk, så eg trur ikkje det er realistisk å få fleire ressursar. Men det har vore diskutert å auke opp på dei mest populære aktivitetane, seier Arne Sunnarvik.

## Naustdal: Nytt tilbod

Femåringane i Naustdal får til hausten lære teikning og måling. Då skal alle med.

Det stadfestar Trine Falkenstein, rådgjevar for oppvekst og kultur.

Teikning, måling og fargebruk skal gå føre seg i barnehagetida, og er Naustdals utvida satsing innan kulturoplæringa, som har fått ei budsjettauke på ca 50 000 kroner.

Elles brukar kommunen i underkant av 300 000 kroner på musikk-

opplæring, ifølgje Falkenstein.

– Kulturskuletilbodet til Naustdal er ikkje noko stort. Vi har danseverktid som vert drifta gjennom kommunen, men med danseverktidens egne instruktørar. Så har vi opplæring i klassisk gitar og skulemusikk i skuletida. Mange innbyggjarar i Naustdal søker borna inn i Førde fordi dei har eit breiare tilbod, seier Falkenstein. Ho kjenner ikkje til at kommunen har venteliste i kulturskolen.

## Askvoll: Solid bunke

– At nokon ikkje kjem med, er eit problem kvart år, seier kulturskulerektor Erna Rivedal i Askvoll.

I går gjekk søknadsfristen til kulturskolen kommande skuleår ut.

– Eg har ikkje starta å sjå på den, men vi har fått inn ein solid søkjarbunke, stadfestar Rivedal.

Askvoll sin kulturskule har ca 130 elevplassar. Dette året måtte i underkant av 20 elevlar vente på tur.

**ekte sport®**

**4999,-**

### SCOTT SPORTSTER P45

Brukervennlig hybrid for tur og trening. Effektiv demper med låsemulighet Kraftige Shimano skivebremser. Dame og herremodel.

**9999,-**

### JAMIS VENTURA RACE

Lett racersykel for trening og turritt. Shimano 20-girs drivverk og kompaktkrank. Gaffel og setestag i karbon. Finnes også for damer.

**699,-**

### BERGANS BRYGGEN II/BRYGGEN II LADY

Bestselgende fleecejakke fra Bergans

**299,-**

### TIMBERLAND NEKKOL CONVERTIBLE

Lett sportssandal med kraftig gripesåle

### HELLY HANSEN ROBSON

Moteriktig, vannett og pustende allværs jakke i Helly Tech materiale.

**ekte sport 1**

**Chatlet Førde AS**  
Førde Torg, 6800 FØRDE  
Tlf. 57 72 00 67